

Vestlandsrådet

VR-sak 17/12 Vedlegg

Vestlandsrådet og ein muleg Kina-strategi for Vestlandet

Bakgrunn

Etter ei delegasjonsreise til Kina, inkludert eit opplegg på verdsutstillinga EXPO 2010 i Shanghai, i september 2010, ønskte Vestlandsrådet å vurdere ein eigen Kina-strategi for Vestlandet. Forskningsinstituttet IRIS i Stavanger fikk i oppdrag å gjere ein analyse av grunnlaget for ein slik strategi. Rapporten er no klar, men gir ingen klare tilrådingar.

Framdrift

- **September 2010:** Vestlandsrådet gjennomførte, saman med nærings- og samfunnsaktørar på Vestlandet ei delegasjonsreise til Kina og EXPO 2010 i Shanghai i (jamfør sak 17/09 og sak 03/10).
- I møte **22. oktober 2010** vart det, som oppfølging av denne delegasjonsreisa, lagt fram eit forslag om å setje ned ei gruppe for å utarbeide ein eigen Kina-strategi for Vestlandsrådet fram mot neste møte (sak 17/10).
- I møte **13. januar 2011** vedtok Vestlandsrådet forslaget om å sette i gang eit eittårig forprosjekt som skulle sjå på føresetnadane for og muleg organisering av ei Kina-satsing i Vestlandsrådsregi. Det var og vedtatt å starte eit samarbeid med Nordic Industrial Park i Ningbo (sak 1/11)
- **28. mars 2011** vart anbodskonkurranse for forprosjektet ”Vestlandsrådets/Vestlandets satsing i Kina” utlyst
- **Andre halvår 2011** utførte forskningsinstituttet IRIS i Stavanger ein analyse for Vestlandsrådet
- **21. mai 2012** la IRIS fram sin rapport ”En Kina-strategi for Vestlandsrådet og Vestlandet”

Rapport frå Iris, forslag til organisasjonsmodellar

På bakgrunn av sin analyse har IRIS foreslått tre mulege organisasjonsmodellar for det vidare arbeidet med ein Kina-strategi for Vestlandet i sin rapport:

(1) Sentralisert oppgåveløysing: Vestlandsrådet tar det politiske ansvaret for å koordinere arbeidet med ein Kina-strategi for alle fire fylka og det vert etablert eit fellesorgan som får ansvar for å samordne Kina-arbeidet. Når det gjeld representasjon i Kina kan ein bruke Innovasjon Noreg sine kontor, NIP i Ningbo eller etablere ein eigen stadleg representant. Eit langsigkt mål er å etablere direkte kontakt med ein provins eller by i Kina.

(2) Desentralisert oppgåveløysing: Kvar av dei fire fylkeskommunane vel sine eigne måtar å arbeide med Kina-spørsmål. Vestlandsrådet vert berre trekt inn når det er aktuelt å samordne aktørane politisk på tvers av fylkesgrensene.

(3) Nettverksmodellen: Eit lite koordinerande sentralledd samordnar internt på Vestlandet og mellom Vestlandet og ulike norske satsingar i Kina. Det viktigaste organisatoriske elementet er likevel eit nettverk som alle interesserte aktørar på Vestlandet bygger rundt arbeidet med Kina-spørsmål. Sentralleddet får ansvar for å koordinere spreking av informasjon og vedlikehalde møteplassar. Finansieringa er basert på ein medlemsavgift.

Vestlandsrådet

I sitt samandrag tilrår IRIS at ein Kina-strategi for Vestlandsrådet bør omfatte følgjande element:

- Internt på Vestlandet bør det satsast på å utvikle samarbeid mellom ulike aktørar som har interesse av å arbeide med dette spørsmålet.
- Vestlandet bør vidareutvikle samarbeidet med andre norske aktørar (både regionale og nasjonale)
- Innovasjon Noreg vil kunne vere ein viktig partner i arbeidet med Kina-spørsmål.
- Relasjonane til samarbeidspartnarar i Kina bør takast opp igjen når det politiske klimaet vert betre.

Om forholdet til Kina i dag – utfordringar og mulegheiter

Etter at Liu Xiaobo fekk tildelt Nobels Fredspris i desember 2010 har mange norske aktørar rapportert om store utfordringar i samarbeidet med Kina. Sjølv om det til ein viss grad og har ramma private verksemder, er problema størst for alle samarbeid og prosjekt som er knytt til politiske nivå – enten i Noreg eller i Kina.

Dette viser tydeleg at dette ikkje er tida for å opprette (eller forsterke) politiske band mellom norske og kinesiske regionar. Mens politiske leiarar frå Noreg tidlegare kunne vere nyttige dørropnarar for norske verksemder i Kina, er det no det motsette.

Kva for mulegheiter har Vestlandet – eksisterande forbindelsar og nettverk

Det eksisterer i dag mange samband mellom Vestlandet og Kina. Nokre av byane og fylkeskommunane har signert samarbeidsavtalar med tilsvarande aktørar i Kina. Det gjeld Bergen kommune som har ein avtale med Dalian, Rogaland fylkeskommune som har avtale med Guangdong, Stavanger kommune som har ein samarbeidsavtale med Ningbo og Sogn og Fjordane fylkeskommune som har ein venskapsavtale med Ningxia provinsen.

Mange verksemder frå Vestlandet har allereie etablert seg i Kina med eigen produksjon, etablert ein marknad og skapt seg verdifulle relasjonar. Kunnskapsinstitusjonar som universitet, høgskolar og forskingsinstitutt har samarbeid med tilsvarande institusjonar i Kina og har etablert nyttige kontaktpunkt og eigne institusjonelle samarbeidsavtalar. I tillegg er det kulturinstitusjonar som har direkte kontakt med kinesiske institusjonar og samarbeidar om utstillingar, samproduksjonar, deltaking i festivalar osb.

I Bergen ligg det einaste Konfutse-instituttet i Noreg. Dette er eit institutt som er finansiert av kinesiske styresmakter og med mål å spreie kunnskap om og interesse for kinesisk språk og kultur. Senteret i Bergen har mellom anna vore involvert i språkopplæring på fleire nivå.

Bergen Næringsråd har tatt initiativ til eit lokalt nettverk for representantar frå næringsliv, styresmakter og andre som er involvert i Kina. Det er meint å vere både ein møteplass og ein arena for erfaringsutveksling og kompetanseauke. Næringsrådet tilbyr og sine medlemmar kurs i kinesisk språk og kultur.

Det finst og eit nasjonalt nettverk; Norsk Regionalt Kina-forum, eit administrativt forum for representantar frå norske byar og fylke som har eit Kina-engasjement, samt representantar frå nasjonale styresmakter, Innovasjon Noreg, utdanningsinstitusjonar og andre. I tillegg til erfaringsutveksling, er det og tenkt at norske aktørar, gjennom eit slikt forum, skal kunne samordne sine aktivitetar, invitere kvarandre med osb. I 2011 og 2012 blir dette nettverket leia frå Sør-Trøndelag, men frå neste år vil det bli leia frå Bergen (Bergen Næringsråd og Business Region Bergen med støtte frå kommune og fylkeskommune).

Vestlandsrådet

Ei tid for kompetanseheving

Både i saken som vart lagt fram for Vestlandsrådet i januar 2011 og i rapporten frå IRIS vert det understreka kor viktig det er med kompetanse på Kina for å lukkast med sine prosjekt. I tillegg til språkkompetanse er og kompetanse innan relasjonsbygging og næringssamarbeid i Kina viktige suksessfaktorar. I periodar med avgrensa politiske kontakt, slik som vi ser nå, er det gode mulegheiter til å drive kompetansebygging. På den måten vil norske aktørar vere klare til auka innsats den dagen sambandet mellom Noreg og Kina normaliserast.

Det er mange kunnskapsmiljø på Vestlandet som har god kompetanse på Kina. Innan høgare utdanning har fleire av institusjonane forskingssamarbeid med Kina innan konkrete disiplinar; naturvitenskap, statsvitenskap, økonomi, pedagogikk osb. Innan språk vart Jiao Xie senter for kinesisk kultur og språk oppretta i Stavanger i februar 2012, men framleis finst det sterke miljøet i Bergen. Universitetet i Bergen har fått tildelt studieplassar til eit nytt tilbod i kinesisk frå hausten 2013, men allereie i dag tilbyr UiB begynnarundervisning i kinesisk, organisert gjennom Senter for etter- og vidareutdanning. Språkundervisning i kinesisk vert gitt ved ein skilde skolar på både grunnivå (frå 5. klasse) og i vidaregåande skole i både Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. I tillegg kjem undervisning som vert gitt særskilte grupper, som t.d. det som Bergen Næringsråd og Stavangerregionens Næringsforening tilbyr sine medlemmar.

Dei kunnskapsmiljøa ein treng finst altså på Vestlandet allereie.

Behov for ein Kina-strategi i regi av Vestlandsrådet

Slik det politiske klimaet mellom Noreg og Kina er i dag er det lite truleg at verksemder, kunnskapsinstitusjonar eller andre på Vestlandet vil ha nytte av politisk ”drahjelp” frå Vestlandsrådet i sine framstøyt mot Kina. Vi veit heller ingenting om i kva grad næringsorganisasjonane, verkemiddelapparatet, kunnskapsinstitusjonar, byane og andre offentlege institusjonar har ønske om og behov for ei politisk koordinering på Vestlandet. Det er difor fornuftig å nytte dei komande åra til å kartlegge dette, i tillegg til å bygge opp kompetansen på Kina.

Det er og tvilsamt om ein treng eit eige ”kina-nettverk” i regi av Vestlandsrådet. Det nasjonale kina-forumet er sett sammen av fylke, kommunar og andre som er engasjert i Kina, og i 2013 og 2014 vil dette forumet bli leia frå Bergen.